

Grunge bru – Brusporen

1843 – 2000

Grunge bru, litt om brua då den har gjeve namn til staden me bur .

- Bru i dag langs E134 vart bygd 1963. Ny bru kom pga transport av tunge maskiner til verk og anlegg relatert til Tokkeutbygginga.



1) foto Grungebru 1963 , Tallaksen, foto Statens vegvesen



2) foto av Grungebru og Bruspåren rundt århundreskiftet 1899-1900

- Gamle Grunge Bru, i bakgrunnen på bildet, vart bygd rundt 1840.

Grunnen til at det kom bru rundt 1840, var at det i 1837 kom ein Kongeleg resolusjon som sa det skulle byggjast ny veg frå Brunkeberg til Gugarden i Haukeli. To storarbeid på denne vegleia, var to nye bruer, ei Ålands bru, like ved der elva renn ut i Vinjevatn (brukara står der framleis), og Grunge bru ved Bruspåren. Grunge bru vart lagt nokre steinkast lenger vest for ei eldre bru, som ein kanskje finn restar av rett nedom låvebygningen på Grungebru.

Johan Mathias Rye frå Bø planla arbeidet. Forskrifta eller "tilbodsdokumenta" som vart lagde fram, er svært detaljerte. Dei omtalar både korleis bruene skulle byggjast, og sjølve vegbygginga. Stikkrenner og småbruer er skildra i detalj og med mål av alle slag. Ingenting gjekk på slump! Materialar, byggemåte, kostnad, tidsramme og framdrift er nøye omtala, og framifrå attgjeve i Vinje historielag si bok "Veg og vandring" av 2014.


Ålandsbru og Grunge bru er, i fylgje Tallaksen i Statens vegvesen, bygde på same vis. Dei er/var av type, det dei kalla spennverks-(eller sprengverks)-bru. Materialane skulle vera varige og kortreiste, - meir info "Veg og Vandring"

- dei to bruene vart kostnadsrekna til 3000 spesidalar, -noko som visstnok var tett på det sluttrekninga au kom på. (s 124)
- I "Veg og vandring" er byggemåten og materialbruk omtala s 122 slik: *les merkt felt s 122*
- "faskinndække", buntar med lange kvistar vart lagt som underlag for ein flåte av furutømmer. Stokkane si rekke 2 alen utanfor murane (1 alen er 62.8 cm) og alltid ligge under vatn. Desse stokkane ser ein godt også ved Grunge bru. Ikkje foto her, kom til sommaren å sjå!

Når elva var lita og eg var lita, prøva me smøyge oss rundt brukara med å gå på desse stokkane.



3) Grungebru 1919 arkiv Statens vegvesen, fiskarar ?



4) Grungebru 1931 høyonn og slottefolk



5) Grungebru 1936 bru med ståbjelkar, skjørt vekke

Statens vegvesen eig framleis bru og den gamle vegsløyfa gjennom tunet heime. Brua er over 175 år, verneverdig, men ikkje formelt verna . Ho treng tilsyn, me har tatt kontakt med vegvesenet om dette, seinast sommar 2017, men så langt utan svar. Me meiner brua må ivaretakast som kulturminne , og er uro for det vidare vedlikehaldet av brua.

Kulturhistorisk er og var Grunge bru ikkje berre ei bru og del av eit vegsamband, **men og ein møtestad**, - tidleg morgon på veg til arbeid, el når "fager kveldsol smiler" i vest, ein stad å slenge ut eit fiskesnøre, linke el hoppe paradis, kaste på

stikka, skrubbe kne, klive på, sykle, danse i markenstid, følgje med på
tømmerflotinga, huvestad for ein som vondt leid, ein kvelving å ro og hjala under,
fiske, leike, bade, hekkeplass for langreiste svaler,–

I dag, framleis er brua stoppestad for turistar, fotografere, sende ei melding, nyte
kaffitår og matpakke, sjå beveren frakte mat til huset, følgje svolene sine vide
svingar og elegante stup, - framleis ein møtestad.

Segn og soger knytt til brua

Frå brua har ein utsyn langt vestover, toppar på rekke og rad, til alt blånar av mot
Haukeli.

I diktverket *"Storegut"*, 1866, skildrar A.O.Vinje ei hending herifrå i diktet
"Storegut er med som skattegravar":

Hev' ved Grungebru du vore
millom fjell på båe sidor
og som bond sét kvite bekker
fyssa gjennom grøne lider?"

Og sét sol og svarte skuggen
som på vatnet der seg huskar,
og som andre unga gjentor
spegla seg dei bjørkebuskar?

Der ein skatt var sagd å liggja
bond av gull og mang ein ringen,
der på denne sydre sida
under nuten der i svingen.

Nettupp der som straumen syger
åt seg heile Grunge-vatten,
der låg i ei klinka kista,
denne store, gamle skatten.

Vil du etter skattar grava,
må du tru og aldri tvila,
inkje furta, inkje fæla,
inkje gråta, inkje smila.

Men som der eg grov og mana,
so med eitt eg sansen miste,
nettupp då eg hørde klangen
av min staur mot skattens kiste.

"Jøsu navn!" eg syndar sagde,
og med fingren slo eg krossen.
So med eitt skrapp kista undan,
ramlande i gule fossen.

(ref 15.utgåva, Det Norske Samlaget 2000)

Korleis Grungebro Hotell vart til og tok form på plassen Bruspåren ved Grunge bru

Det var fleire grunnar til at det kom eit hotell her:

Den nye vegen over Haukeli fjell var ferdig 1899, og reisande frå Hardanger, og bygder og byar der omkring byrja bruke den nye vegen.

Hestehandlarar og driftekarar som før hadde fylgd den gamle Hardingslepa over til Salpytt og Åmyrsmarkanden, valde nyvegen, over Haukeli. At ferdselen langs Hardingslepa dabba av, gjorde til at færre møtte fram på Åmyrsmarknaden på Rauland, og i 1897 vart han skipa til siste gong. Rikard Berge skriv at grunneigarar og mange i bygda ikkje såg det som noko stort tap. Dels fordi hestane beitte og trakka ned både beitemark og slåttemark, dels fordi markanden også førde med seg mykje fyll, slagsmål og ulivnad.

Trong for marknadsplass langs den nye vegleia.

Parallelt med dette, hadde fleire av hestehandlarane vestafrå, ivra etter i å få istand ein ny markensplass langs den nye vegen. Ein av dei, Gulleik Saltvoll, langgoffa, tok dette opp med slektningen sin, Nils i Svalastog (1870-1936). Han var hestehandlar, og skysskar. Han åtte ein jordteig, Låa, ute ved Grunge bru. Like ved der Svalastog hadde vårstøylen Gunnulfstveit.

Nils var oppvaksen med hest og handel. Far hans, Olav Nilsen frå Hagen i Røldal, gift med Sigrid i Svalastog, var og hestehandlar.



*5b Nils med foreldre og sysken. bakre rekke : Olav, Nils , Svein, Knut
framme far Olav(Nilsen)mor Sigrid, syster Durdei, broren Sondre er ikkje med .*

Bruspårmarken, kvar og når .

I 1897, på Låa, på jordteigen til Nils, kom då Bruspårmarken istand for fyrste gong

I kontrakt datert 1898, overlet Nils Olsen Svalestuen, Låa, til markensplass mot ei årleg avgift på kr 1 pr hest som vart slept inn på markensplassen. Her vart Bruspårmarken avvikla kvart år like fram til 1927.

Bruspårmarken vart halden på same tid og dagar som den tidlegare *Åmyrsmarken*, dvs andre fredag og laurdag etter Jonsok. Fredag, presis kl 16 opna Marken. Nils stod sjølv ved inngangen, noterte eigar og kor mange hestar kvar hadde med.

I alt kunne det vera opp til 300 hestar!

Far (Nils Svalastog, f. 1912 – d. 1996) og andre , rødde og fortalde om Markensdagane. Det var ei storhending! Mykje liv! Mykje arbeid! Mykje moro! Mange hestar skifte eigar, etter lange akkederingar, vart handelen avgjort med "håndsrekking" og eit vitne som "slo på" . Etterkvart vart det vanleg å skrive handelskontrakt og garantisetel. God handel og dårleg handel, god mat og drikke, men og fyll, krangel og slagsmål. Folk frå bygdane, helst karar, strøymde til både for å sjå, selje og kaupe, få seg arbeid, skaffe seg arbeidshjelp i slåtten. Folk kom langvegs frå, også frå byane, både karar og kvende, "torgfentur" som bygdefolk sa, sette opp sjapper, selde kaffi, suppe og anna. Far skriv i eit notat til ei samling på Mogane grendehus i 1994: " *Frå Vestlandet kom store hestedrifter. Dei bruka hest og kjerre, og bak kunne dei hava 8-10 hestar som var bundne saman i rova etter kvarandre. Ofte fleire i lag. Ein av dei som dreiv stor hestehandel var Goffa i Røldal, Gulleik Saltvoll. Ein annan var Skjervheime'n frå Oddatraktene. Bakar Torris frå Vinjesvingen kom med handkjerra full av bakesaker. Anne Lunden frå Grungedal, og fleire med henne sette opp varme og baka og selde kaffi. Det var festing av alle slag. Kyting, slagsmål, men og mykje fyll. Då Bruspårmarken var over, var det å finne lauvhogg og stuttorv fram, og til med slåttearbeid som varde heile sommaren.*" Driftekarane for vidare til Dalen der det var marknad påfylgjande måndag. Deretter for dei vidare til Seljord.

Aslak Nordstoga skreiv slik om Bruspårmarken i ein artikkel prenta i Telemarkmagasinet nokre år sidan:

TELEMARKS magasinet



Hev' ved Grungebru du vore,
millom fjell på bae sidor,
og som bond sét kvite bekker.
fyssa gjenom grøne lider?

Der ein skatt var sagd å liggja,
bond av gull og mang ein ring,
der på denne syndre sida,
under nuten der i svingen.

Nettupp der som straumen syger
åt seg heile Grunge-vattn,
der låg ei klinka kiste.
denne store, gamle skatten.

Storegut og far hans
grov her etter skatten.

Men som der eg grov og mana,
so me eit eg sansen miste.
nettupp då eg høyrde klangen
av min staur mot skattens kiste.

"Jøssu navn" eg syndar sagde,
og med fingeren slo eg krossen.
So med eitt skrapp kista undan,
Ramlande i gule fossen.

Kjelder: Det meste har eg etter far min Knut Nordstoga, og andre eldre folk som hadde opplevd Bruspårmarken.



Bruspårmarken

Av Aslak Nordstoga

I 1897 kom tanken opp at det kunne vera høveleg med ein markensplass i Grungedal. Den nye vegen over Hauklifjell var ferdig. Ferdselen frå Hardanger og omkringligande bygdar tok til å bruke den nye vegen, Haringslepa og Åmyrmarken på Rauland hadde spela ut sin rolle.

Dei som budde på vestsida av Haukelidfjell og Hardangervidda vart kalla Normennar. Det var den kjende hestehandlaren frå Røldal, Gulleik Saltvoll, som sette seg i spissen for å få til ein marken i Grungedal. Han sette seg i forbindelse med Nils Svalastog. Ved Grungebru låg ein gamal husmannsplass som heitte Bruspåren. Denne kjøpte Nils av Anne Bruspåren, ho flytte så til ei lita stoga på Vinje som heitte Liar. Ho vart då også kalla Anne Liar. Nils Svalastog bygde nytt hus på Bruspåren, som seinare vart pensjonat. Første marken kom i gang alt i 1897.

Han hadde også eit jordstykke på andre sida av åe, omlag der Bygdeheimen ligg no. Dette jordstykket vart kalla Låa, det var her marknadsplassen var. Marken ved Bruspåren vart halden på same dagar, som den tidlegare Åmyrmarken, andre fredag og laurdag etter Jonsok.

Måndagen var det marken på Dalen og mange reiste dit. Det kom folk langveks frå, mange utmennar det var folk frå Seljord, Bø og andre bygdar i Midt-Telemark. Mange kom til vegars om torsdagen, slik at det ikkje var så lang reise om fredagen. Då det galt om å vera tidleg, om dei skulle ordne seg med handelsplass om fredagen. Hovedtingen var nok hestehandelen, noko som Normennane sytte for.

Dei frå bygdene omkring sette opp sjapper der dei selde kaffi, brus og anna. Det vart fortalt om ein bakar som heitte Torris Larsen. Han hadde bakeri på Vinjesvingen. Det kan nemnast at han var vestlending frå Strilelandet. Han var gift med Gudrid Straumstøyl. Dei hadde



Bruspåren eller Grungebru.

sonen Arne Straumstøyl, er kjend som ein flink snikkar. Dei hadde også dotteri Kjersti. Ho flytte til Flekkefjord, der ho dreiv som syerske. Torris Larsen stilt alltid opp på Bruspåmarken med ei dragkjerre full med brød og kaker. Han stod på markadsplassen om fredagen og utover natta, så lenge han hadde noko å selje.

Der var kom også folk frå byane, helst kvinnfolk som hadde sjapper der dei selde kaffi, suppe og anna. Bygdefolki kalla dei "Torgfentur". Det må også nemnast at der var folk frå Eidsborg som selde dei kjende Eidsborgbryne.

Det vart ein livleg handel og fredag morgon når sjappene skulle plaserer seg var det om å gjera å finne ein lagleg stad. Det var alltid konkurranse om å finne den beste plassen.

Hestehandelen var likevel det viktigaste. Det var Normennene som kom med dei fleste hestane. Dei kom i rekke og rad ned Grungedal, 10-12 hestar vart bundne saman med band frå rova til hesten framfor. Det kunne i alt koma ca. 300 hestar til marken.

Presis kl. 16.00 fredag kunne hestane koma inn på markensplassen. Ved inngangen stod Nils Svalastog og talde hestane og skriv opp namnet på eigarane. Det var helst fjorhestar som kom til marken. Dei som ville kjøpe seg hest fekk saumfara hesten nøye. Dei opna kjeften

og såg på tennene der han kunne sjå så nokonlunde alderen. Dei fekk lyfte på føtene og granske høvane. Om det var handel var det skjeldan at det vart skrive kontrakter. Det greide seg med "Håndsrkning" som det heitte, ein tredjemann "slo på" som vitne. Det kom etter kvart handelskontrakter, eller garantisetel. Dei "sikra hestane" som det heitte.

Det var livleg hestehandelen på Bruspåmarken, mange hestar skifte eigar. Dei som ville kjøpe seg ein gild hest, møtte opp her som var mykje i blea i. Hestehandelen var såleis den viktigaste del av det som gjekk for seg. Det kan også nemnast at mange bygdeungdomar møtte opp med orv og slåttegogn, dei var ute etter slåttejobb på den tid. Dei som var ute etter slåttehjelp møtte også fram. Det var såleis ei rik samling av folk frå mange bygder.

Eindel fyll og slagsmål forekom. Det var ofte huing og skriking. Etter kvart vart det turvande med politioppsyn. Det lokale politi måtte få hjelp frå politiet i byane.

Marken på Bruspåren helt fram i ca. 20 år. Siste marken var vistnok i 1927. Etter denne tid helt marken fram på Dalen og Seljord.

Ein kan ikkje lesa om Bruspåren og Grungebru utan å få med seg nokre vers av A.O. Vinje frå diktet "Storegut er med som skattegravar".

Se neste side

Grungemarken

Markensvegen som me vandra,
låg inni i hei og mo.
Oftast var me fleir i fylgje.
skjeldan mindre enn tvo.
Upp på Brunelid me kvilde.
ned til Grungebro me såg.
markensplass og dalen lokka,
markensdrag i lufti låg.

Mannfolk kom frå mange bygder
både nær og langt ifrå.
endåtti frå andre fylkje
setersøplar var å sjå.
Kvinnfolk var der meste ikkje
utan dei som kokkar var,
hestemarken var som vigsla
berre mest for hest og kar.

Den som tvilsom gullring selde
du på marken råka på.
Eidsborgbryne fekk du kaufe,
sume gonger tinndøllja
Bakaren med kakevogni
var ein gjæve markens gjest,
marken utan kakebollar
hadde ikkje vore fest.

Suppe fekk du også kaufe
enn i heim og sjappebu
å, so herleg som det smaka
nei, du kan det aldri tru!
Den som lett på fot seg sprette,
han ha fenge tak i øl,
og for meir å hugen lette
dansa han litt ned seg sjøl.

Ian på lykkja mange hestar,
kunna hundratalet nå
Moro var det der å gange
og på alle hestar sjå.
Hest det var i mange fargar
blakke, brune svart og blå
feite fine, turr og magre
som ha vetterhåri på.

Hest var granska, hest var prøva,
selt og kaupt og bytt det var,
medan hesten aldri spurde
kven som vart hans husbondkar.
Vondt det var når vener skildes,
sårt dei knegga so det klang,
den som måtte lyda taumen
han som att på lykkja sprang.

Bakum holt og oreunnar
var der folk som mang einstad,
derfrå høyrdes song og tralling,
det var stev og elskhugs kvad.
Summe hadde med seg klokkor
som dei i si lumme bar
for her var det glidt å vera
for ein veikug handelskar.

Men so kom då andre dagen
og med den, den bratte lid
Markensgleða den var bleikna
markenshugen var forbi
Svevnug me på heimveg ruslar
upp den bratte lia me går
Me er vortne markensmette
inntil marken neste vår.

Arne Krossbakken.

Tor - minte om dagane

Ein som ofte fortalde om marken når eg voks opp, var Tor Haugåsmo. Han var dagleg gjest i alle heimar på Mogane. Han gjekk ein runde på formiddagen, og ein ny runde i kveldinga. Kom inn, sette seg på stolen nærast døra, slengde den ein foten over den andre, fikla med pipa, smårødde. Om han las Almanakka dagleg, eller om han berre hae merkedagane innprenta, veit eg ikkje, men han heldt oss oppdatert på alle gamle merkedagar gjennom året, - Kyndelsmess, Mikkelsmess, Marimess, flyttedagane, Jonsok, Olsok og naturlegvis når det nærma seg Markenstid- , - blikket hans sveipte romet rundt som om noko mangla...

Alt kan tyde på at dei to fyrste åra med Bruspårmarken, 1897-98, gjekk vel, både praktisk og økonomisk. Truleg gav det Nils eit lyft, slik at han i 1899, to år etter oppstart, kunne kaue plassen Bruspåren av Anne Olavsdotter (1845-1929), eller Anne Bruspåren som ho vart kalla. Bruspåren låg på hi sida av åe, rett over for markensplassen, som låg på Låa. Anne flyt ned att til Vinje, til Liar, og vart frå då av heitande Anne Liar. Gunhild Dokki sa Anne ha ein son, han som seinare vart kjend som treskjeraren Eivind Brauti.

Nils kauper Bruspåren av Anne for 600 kr.

«All jord, skog, mark frå Grungedal av og Mogane ut var teigar, slåtter, vårstøylar som hørde gardane i Grungedal til. Etter kvart vart fleire av desse teigane skilt ut som egne plassar som folk busette seg på.

Bruspåren (gnr 77/bnr 10), var, fram til rundt 1850, plass under Øvre Kili (gnr 77/5bnr). Rundt 1850, litt etter den nye Grunge bru vart bygd, buset Bendik Jensson(1810-1876)frå Felland i Mo og kona hans Kari Åsulfsdotter Øverland, (1818) på Bruspåren. Bendik byggjer ei stoge her, og er den fyrste som skriv seg for Bruspåren. Dei hadde åtte born, to døyr som små, to som unge, ein utvandrar til Amerika, og ingen av dei vart buande på Bruspåren. Bendik døyr på Bruspåren 1876. Dei påfylgjande åra skifter Bruspåren eigarar fleire gonger. Familiar flyt til og flyt frå. Dei sel og kauper, strevar for å livberge seg. Frå 1875 og ca 10 år fram bur familien Nils Augonson

(f 1838) der. Kona Torbjørg Toresdotter (f. 1828)er frå Røldal. Dei har to døtrar, Gunhild (f 1863)og Ingeborg(f 1866). Nils er husmann og hestehandlar. Dei har 1 hest,1 ku, 1sau , 4 geiter, ein liten byggåker og ein litt større med jordeple. I 1883 reiser eldste dottera Gunhild til Amerika. I 1885 fylgjer resten av familien etter, slik grannefamilien, Flatlandane i Dokki, og gjorde».


Henta frå Vinje historielag si bok "Her budde dei" 2010

Nils (Olsen Svalestuen) hadde blitt kjend med Karoline Rohdin (1863-1939) .

Lina, som folk sa, kom frå Tønsberg eller Nøtterøy. Kanskje hadde ho anar i Sverige, då Rohdin namnet er meir vanleg der enn i Noreg. Lina hadde arbeiddd på hotell, bl a. i Skien. Ho var ei likandes og dugande dame.

I mai 1900 gifter Nils og Lina seg.

Lina hadde ein fosterson, som flutte med henne til Brusporen. Han heitte Sverre Karlsen (1895-1959). (Meir om han seinare)



2) Bruspåren, fotograf ukjent

Dei flyt stoga på Brusporen litt nærare vegen, byggjer ho saman med ei anna tømre og litt til, kler det heile i sveitserstil, slik husmoten var på den tida, og skriv Grungebro Hotell med store bokstavar på søre veggen.



6) Grungebro Hotell , skysskarar og karjolar i tunet, før 1936

Med det endra Lina og Nils husmannsplassen radikalt. Det vart starten på ei reiselivsnæring, eller gardsturisme som skulle koma til halde fram i 100 år.



7) Brua frå 1840 sett frå Gunnulfstveit mot Bruspåren



8)Gungebro (bygd 1936), også sett frå Gunnulfstveit, Mittet



9) *Grungebro hotell sett frå sud, fotograf ukjent*


Grungebro hotell var eitt av fleire liknande hotell langs vegen frå Dalen til over Haukelifjell. Hotellet var lite, lafta, bygd i to høgder, utvendig og innvendig kledd "tidsreiktig", måla og "moderne" i utsjånad. Fem soverom i andre høgda. Fyrste høgda var delt i to; ein privat del med eit romsleg arbeidskjøkken, ei daglegstoge, og kjøkkeninngang. Ein gjestedel med spisesal, salong, romsleg gang med trappeløp til andre høgda, overbygd veranda med gjesteinngang. Huset hadde tre jordkjellarar; Ein til jordeple under kjøkkengolv som hadde kjellarlem, ein til grønsaker og div under golv salong, ein øl og vinkjellar under spisesal. –halmviskar med adr, avsendar pol Kongsberg, med tog til Lunde, båt til Dalen.



10) *Lina og Nils, foto Sverre Rohdin*

Hotellet var lite, jordvegen var liten, men for å kunna drive ein slik stad som både var hotell, skysstasjon, småbruk med husdyr og markensplass, trongst det likevel fleire hus . Nils og Lina sette opp og hadde fylgjande bygningar:

- **driftsbygning**, eine delen av bygget var driftsbygning for jordvegen Bruspåren, fjøs , stallar,låve, trev. Andre delen var driftsbygning for hotellet . Der var det 4 rom, for fiskarar, tenestejenter og eit drengerom. "Privaten" stod det måla med svarte bokstavar på den kvite inngangsdøra. "Privaten" står det framleis i 2018 . "Privaten" er godt som uendra. I 2016-2017 vart vindauga omkitta og restaurerte. Kurshaldar Tore Sønju meiner no held dei 100 år til.
- **sommarmarkjòkken**, for onnefolka, åtskilt frå hovudhus og gjester. Det vart rive på 50-talet, men foto viser staden det stod.
- **grovkjøkken og rulle**, eit lite hus i to høgder, i bakkant av hovudhuset. I fyrste høgda eit grovkjøkken til stell og oppbevaring av mat, både kjøt, fisk, ost, smør, brød. Solide hyller med store blå og brune krukke, nettingskap for ost, smør, mjølk, ei stor brødkasse, separator og kinne stod der. Under taket hekk kjøttsag og kjøttøks, og fiskeutstyr, i hyller og på benk, tróg til salting, kinne og separator. Fiskegarna hekk og her når dei ikkje var i bruk. Andre høgda var delt i to rom, det største til stell av lintøy og klede. Ei rulle med steinvogge. Alt av lintøy og dukar skulle og måtte rullast . Eit lite rom til lager av sengeutsyr, vinterklede og sko. Rulla står på same stad, er framleis i bruk i 2018.
- **badstøge**, til røyking og turking av kjøt og fisk. Berre murane står att i dag.
- **eldhus**, til klesvask, bading, braudbaking . På 50-talet vart Eldhuset vart skadd av brann og låa ned. Vøla og sett opp att same stad i 2012 av Øystein Rømtveit
- **to vognskjol**, eit vognskjol i forlenging av eldhus til vogner /kjerrar, slåmaskin, høyyogner, horv, plog, rulle osv. Eit vognskjol på hi sida av brua til div anna jordbruksreiskap, jordeplekassar, staur, rullar med hesjetrå, gjerdenetting oa.
- **sommarfjøs på Låa**, for å halde dyr, fluger, utøy, skit og lukt ute av tunet sommarstid. Sommarfjøset var i bruk til utpå 60-talet, står der , vart på 50-talet flutt lenger opp i beite for å gje tomt til Sjukestoga.
- **ei høylåe i slåtta ved Fiskemovatnet**
- **høynåler til høystakkar og lauvkjervar på seten Roi i Bronlid**
- **sætusel og andre sel i Bruspårhoie** . I 1931 sel Nils Bruspårhoie til Lars Straumstøyl, far av Neri. Kvifor? Arne svara far slik ei gong : "han syntest vel synd om papa, Nils då" -



10 b Nils

Nils hadde stort pågangsmot . Han hadde vori stor og sterk, og tatt mange tunge lyft, men fekk tidleg lea gikt, og arbeidsevna vart hemma. Han måtte hjelpe seg med stavar og leigefolk, Sat på ein stor taburett utpå verandaen og peika og kommanderte arbeidsfolka sine derifrå.

To viktige Ferdslvegar: drifteveg opp Finneburindane og Brunlid, - arbeid, men og rekreasjon.. Båe viktige for drivarane av Grungebru

Med god hjelp av hesten og seg sjølv, drog Nils ein pråm oppi Finnebutjønna som turistane kunne bruke. Turistane gjekk ferdslvegen opp lia til Finneburindane. Bia der gjerne heile dagen. Vidt utsyn frå Kilsnuten, både vilt og vakkert er det der. Vegen var godt laga for her gjekk dei også opp med storfedriftene som dei kom med nedafrå

flatbygdane, Bø og der omkring. Krøtera gjekk på beite heile sommaren innpå støyane her ned mot Totak retning Arabygdi. Gjetarar kom med dei og var der heile sommaren. bl a bestemor til Eilev E.

Nils var ein ihuga fiskar. Bøtte og batt garna sine sjølv.



11) garnbindingsutstyr etter Nils



12 Nils på Bruspåren med hesten blanke. Nils plaga av leagikt, måtte bruke stav.
foto: Sverre Rohdin

Hestane var gjeve for Nils og han stelte dei framifrå, skamdreiv dei ikkje, fora dei godt og strigla dei så dei skein!

Gjer vel

Lina var ein skjønnsam hushaldar, omgjengeleg, velmeinande, tok vel imot både bygdefolk og turistar.

Halmmadrasser var det å ligge på i sengene, men staden var uneleg, alt vel stelt, Lina var gjestfri, og var veldig god å lage god mat, så turistane stansa, åt og drakk godt, lika seg der.

Nils og Lina tende pengar, hadde mange i arbeid, greidde seg godt.

Grannar og familie har fortalt meg om hendingar som viser dei var gjestfrie og gåvmilde.

Dei var omtykte både av familie, gjester og bygdefolk. Bruspåren vart på fleire måtar ein samlingsplass for Moganefolket og Nils og Lina sette pris på det! Post og tlf var der.

Fleire av gjestene på Hotellet kom gangvegen over Brunli, heia over frå Rauland el Våmartveit-Kostveit. Finn Rohdin fortalde at han og far hans og fleire med dei kom gåande like frå Rjukan .på ski! Eit vers om veggen Bronelid gjeng slik:

Bratt so er ho Bronelid-
Der ser du på kvorjom hånd –
Haukelid og Grungedal
og Haddeland på Strónd
(gamle stev)

Mang ein gjest la seg nøgd og mødd etter lang vegg vandring. Eit lite rim smidd i hop av ein gjest som kom gåande den bratte Broneli, uttrykte seg slik Margit Ullsvik ei gong song for meg :

"Å , når eg kjem frampå Bronli roi
då ser eg Lina i Bruspar toni,
Å! når eg kjem frampå Bronli hei
då ser eg Lina så snål og grei!"



13) Karoline Rohdin , Lina, med katt og hund
foto: Sverre Rohdin

Nils og Lina hadde ikkje egne barn, men fostersonen Sverre Karlsen, (1895-1959), vaks opp hjå dei. Til tider budde også andre ungdomar hjå dei i lengre periodar.

Sverre var svært interessert i hestar, men vart ikkje buande på Brusparen etter at han vart vaksen. Han ville skrive. Sverre si interesse for hestar, og det å skrive og å fotografere, førde til at han vart redaktør for fagskrivet "Våre Hester" i ei årrekke.

Ei tid skreiv han seg for Sverre Brusparen, men tok seinare Lina sitt namn, Rohdin, som familienamn.

Ei av jentene som kom til Grungebro og arbeidde der, heitte Gudrun Amalie. (1900-1988)

Ho var frå Rjukan. Ho og Sverre vart eit par, gifte seg og busette seg i Oslo. Fleire gonger i året var dei på vitjing til Grungebro. Sister av Gudrun, Borghild, var ofte med. Sverre og Gudrun fekk tomt på Låa, og bygde seg hytta Grungeheim. Der var dei mykje om sommaren og i andre feriar, ofte i selskap med vener og kjenningar.



14) Nils, Gudrun og Finn, son av Sverre og Gudrun. Gudrun tidsrektig motekledd, chippendale?
foto Sverre Rohdin

Sverre og Gudrun fekk to søner, Finn (1922-2017) og Odd (1925-2000). Finn, vart gift med Lill Kersti Alvarsdotter (1923-2007), frå einstørre gard i Sundsvall i Sverige. Far hennar dreiv med tråvhestar. Sverre hadde invitert han m fam med til Grungeheim, og der møttest Finn og Kjersti. Dei fekk døtrene Eva Guri (1954) og Mette Elisabeth (1925-2009). Finn overtok hytta Grungeheim. Familien var der kvar sommar, haust og i påska. Finn og Kjersti budde på Høvik. Kjersti døde, Finn døde hausten 2017. Eva Guri, gift med Frode Nyhus, bur på Slemmestad. Dei har tre barn. Dei eig Grungeheim, og er der fleire gonger i året.

Odd vart gift med Bina, eller Jakobina Emina Marie Gunnesdal (1926-2007). Etter nokre år i Italia, busette dei seg i Ålesund, der Odd etablerte og dreiv Rohdins restaurant. Dei fekk sonen Sverre Eugen (1956).

Nye tider- Gjester byra no koma køyrande i eigen bil .



15) Gjester byra no koma køyrande i eigen bil .

Somme gjester bia i fleire dagar, andre berre ei natt, eit måltid, ein drykk, ein røyk. Nvegen over Haukeli , og Haukelifjell var eit ettertrakta reisemål . Når vegen vart opna for ferdsel utpå våren, var Prestegård, Haukelisæter og Midtlægre attraktive dagsturar. Etter romekolle på Midtlægre , var ein klar for heimtur.

litt om kva ting kosta, prisar :

1 kr 1925 tilsvare kr 20 i 2011 prisar.

Frå Omsettingsboka for Grungebro hotell, døme på kva ting kosta i 1925-35 prisar:

<i>et værelse</i>	<i>kr 4 til 8-9 , (truleg pris for 1 el 2)</i>
<i>frokost og aftens</i>	<i>kr 2.50</i>
<i>middag</i>	<i>kr 4</i>
<i>kaffi</i>	<i>kr 1.50</i>
<i>øll</i>	<i>kr 0.55</i>
<i>cigarettar</i>	<i>kr 0.44</i>
<i>brus</i>	<i>kr 0.55</i>
<i>1 mugge mjølk</i>	<i>kr0.60</i>

overnatting var det ingen skatt på, all mat og drikke 1/11 del av salet



16) Grungebro, barneteikning av Finn Rohdin 1936, Nils dør desember dette året

Nils dør.

Nils og Lina hadde planar om å kjøpe hus i Skien og flytte dit. Dette vart ikkje noko av. Nils døde i des 1936, og Lina vart buande på Grungebro. Ho dreiv vidare, siste noteringa i reikenskapsboka er datert 22.07.1939. Ho døde uventa i september 1939. Kva så med Grungebro hotell ?



17) på stogetrappa i Svalastog , tidleg 1920-talet

Lina sitt ynske var at far, Nils (1912-1996), skulle overta Grungebro. Han var den yngste i syskenflokket på Svalastog. Lina var vel omtykt av heile familien på Svalastog. Far var

svært glad i fjell og vidde, det å løype, vera på støylen, jakte og fiske, familien, men han hadde andre planar. Etter middelskule/realskule i Bø og Trøndelag, og Fjellhaug Bibelskule, byrja han med språk og bibelstudiar på Bible Training Institute, Glasgow. Tanken var å bli misjonær i Kina. *(Nils var forlova med Gunhild Bratland (1915-1998), frå Edland. Gunhild var eldst av jentene i ei syskenflokk på 10, fem gutar og fem jenter. Mor gjekk på Rønningen husmorskule i Oslo, og tok seg huspost hjå ein familie i Oslo. På Rønningen hadde ho lært alt om stell av slakt, bakst, ber og frukt. Heime på Bratland hadde ho tatt del i og lært seg all slags gardsarbeid, ute som inne. Ho hadde stor arbeidslyst og arbeidskapasitet. "Ho arbeider like godt som ein av gutane, ho" fortalde systera Kari då ho fortalde om oppveksten deira. Å ikkje nok med det, ho har så mykje energi at så snart dei andre tar ei kvild, triv ho fiskestonga og spring nedi elva for å fiske. Ja, mor Gunhild, var utruleg sterk og uthaldande i alt arbeid, omgjengeleg, livleg og sosial, glad i folk rett og slett, låtten sat laust, lika tull og fann på småfanteri med tenestejentene, grannar og oss.*

Ho skulle koma til å draga mang ein fin aure over båtripa. Både ho og far elska å fiske, heime i vatnet, men for og til fjells, til Langeid som mor kjende frå oppveksten av, og Gurivatn som far voks opp med. Fiska gjorde mor livet ut, det gav ho stor glede, og kunne ikkje me hjelpe ho, vart ein av ungane vår med. Nils Johan var med ho sommaren 1995 då ho fekk den største fangsten, ein aure på 7,9 kg og 75 cm l. Leande, hørde eg ho koma, ana noko særskilt hadde hendt!



18)) mor med storauren sommar 1995
Men, nokre år før:



19) Nils og Gunhild på biltur

To hendinger snudde opp ned på planane;

1.sept -39 invaderer Tyskland Polen, 3-4 sept Frankrike og England erklærer Tyskland krig

Lina dør brått i slutten av september. 1937-45 krig Japan- Kina. borgarkrig Kina til 1.10.49.



19 b Gravferd Karoline Rohdin , Lina Bruspåren

kjende fjes: Olav Dokki, Knut Rismyr, Tor Ullsvik, kari Bekkhus, Sigrid Russmo, Margit Bråstøyl



20) bryllaup Nils og Gunhild, 14.10.39

Bestefar Olav svalastog til høyre for mor, bestemor Tone Bratland til venstre for far

14 oktober 1939 gifte mor og far seg og busette seg på Bruspåren .

Far, 82 år, skriv i eit notat at dei prøva drive omtrent på same måten som Nils og Lina. Bruspåren var ein naturleg stad å samlast og for bygdefolk. **Posten** vart levert inn der for fleire heimar, og mange kom i god tid. sat å rødde. *Slik som gamle Olav Haugåsmo, han bruka skrå og var svær til å rø, spytte og rødde, men råka ikkje alltid koppen som vart sett fram til å spyte i,- bomma , rødde vidare, og, ja, når karen for, måtte mor alltid fram med kluten - .* Grungebru var einaste staden som hadde telefon. Lina og Nils hadde kosta **privat telefonline** fram til Rui. Folk kom å ringde, eller vart bodsende etter. Tlf lina skjøtta eigaren, og bar kostnad ved vedlikehald.

Uro og krig i Europa kom tettare på. Fleire samfunnstiltak stoppa opp. slik som innlegging av Straum. Komfyren, så gjev og stor, vart sett på vent til krigen var slutt. Nyhende frå verda kring nådde dei gjennom radio gøymt på loftet hjå skomakar Olav Lyngstad på Klemben. I to periodar under krigen heldt tyske soldatar vakt ved Grunge bru. Dagane var spente. Huset vart delvis tatt i bruk av tyskarane. Soldatar, unge fedre, såg dei dagleg. Desember den 12. hausten 1940 vart eldste bror min, Sondre fødd. I nov 21. to år seinare fekk dei Gunla. Fleire av soldatane var unge fedre. Ein kveld mot jol bankar ein av dei på døra; blikket hans søkte Sondre, så mor og far, og trass i språkhindringar, forstod dei ærendet, han hadde ein liten gut heime, om lag like stor som Sondre, - om han berre kunne få halde han litt ? - det foreldre som møttest, ikkje motpartar-

Grungebro Hotell var alt 40 år gamalt då far og mor overtok. Vanleg vedlikehald var gjort, men tidene ha endra seg, staden var liten, tungvind, og krav som etter kvart vart stilt frå det offentlege til den type næringsbygg, måtte etterkomast.

Geiså sag

Dels for å skaffe materiale til eige bruk, dels for å sage for sal, vart far med i eit saglag uti Geisåe. Seinare sette han opp eiga sag der. Fyrste saga var vassdriven. Ævur fins enno. Seinare, når motordrift vart mogeleg, vart saga flutt til opnare og flatare lende lenger nede, på Harthol, ved Geiså, men på andre sida av riksvegen. Seinare vart saga flutt heim i det nye gardstunet på Låa.

om ynskjeleg, foto av stempel Geiså sag ?



21) Grungebru Turistheim (foto levert av Ragnvald)

På slutten av 40-talet vart huset bygd på, utsjånad og stil vart endra. Namnet vart endra til Grungebru Turistheim, hadde 20 gjestesenger, og drift 5 mnd, i året + påske. Då dei byrja med påskeleir.

Påskeleir- skibuss

Dei leigde buss av Billaget og køyrde turistar og bygdefolk som ville vera med , til fjells. Fyrste åra til Vamark. Seinare til Songa.

Kortreist mat

Maten var kortreist og heimelaga. Slaktinga kvar haust var eit fleirdagars stort arbeid! Hermetisera, vaske tarmar, blodpølse, mala kjøt, fuge tarmar, salte kjøt, turking og røyking. Plukke ber i hage, utmark og hei, hauste og tørke frukt, kinne smør, safte ,brygge øl- å ja den arbeidslista var lang.

Fjell og vidde var viktig for turistdrifta, både som rekreasjon, men og nytte. Det meste av maten var kortreist. Alt syltetøy var sjølvplukka bær anten frå hage eller fjell og hei. Kjøt av eige slakt, fisk frå elva, eller helst frå fjellvatn som Songa, Langeidvatn, Gurivatn. Fjellaure, steikt, røykt eller raka vart ofte servert. Far Nils jakta rein og småvilt. Om vinteren dreiv han med snorejakt på storfugl og småvilt, slik han hadde gjort frå konfirmasjonsalderen av.

Far opparbeidde kulturbeite og braut mange mål jord, sådde kløver og timotei, fekk meir tørt høy og større silo. I fleire år hadde dei ikkje eigen hest. den siste "Lufsa" selde dei til bonden på Grønlid ved Høydalsmo. Me stoppa der om me såg ho, lokka på ho og klappa ho,- .

På 50-talet bygde Nils og Gunhild hytte på Bykleheia. I Nybubeite. Syster av far, Sigrid og mannen hennar Knut Haugane åtte støylen Nybu. Som ung hadde Nils vori dreng hjå dei. Eit lite sel som stod på ei slåtte som hørde Brusparen til ved Fiskemovatnet, ikkje langt frå Samastad, gjorde dei og om til ei bitte lita jakt- og hente-molte-bu som dei bruka mykje .

Arbeidsfolk

Sommars tid og i onnene leigde Nils og Gunhild to-tre tenestejenter til turistdrifta, og ein dreng el to til slått og ymse utearbeid og arbeid på Geitå sag. Oftast hadde ei av jentene ansvar for stell av kyr og geiter. Dei beitte i Brunlid og vart mokka ved sommarfjoset på Låa. Seinare, når Samastad fellestøyl kom i drift, sende dei dyra dit.

Dei fleste gjestene for vidare neste dag, men ein del vart verande fleire netter, og somme var der heile ferien. Fleire kom att år etter år, og det vart stadig fleire utlendingar.

I helgene, kom granneungdomar frå Mogane og Grungedal. Både dag og natt. Gutar som ville bli kjend med dei snåle og fine og flinke "jentune". Grungedalsgutane kom syklande, ropa: "hótt heiter jentune dikkos i år?" svinga seg forbi, sladda så grusen spruta, gjerne fleire i lag, ropa og huva i farten. Eg svara dei ikkje. Så dumme! Kunne vel koma og spørja og rø skikkeleg, slik gutane på Mogane gjorde. Om sundagane kom dei i finpussen, på sykkel gjerne dei og, men sat å rødde, veksle blikk, tulla og vasa. Mor og far lika dette, jentene med. Nokre av jentene kom att år etter år, somme fann kjærastar og ektefeller og vart buande som Alfhild og Elisabeth på foto under.

Fleire av jentene var frå Mogane, Grungedal, Smørklepp, Mo, men mange kom lengre frå, fine jenter, morosame, pliktoppfyllande jenter, Ingrid, Ågot, Klara, Borgny, Magnhild, Halldis, Anne...



22 Olav Haddemo, Ommund Heie, Elisabeth Lindanger Bråstøyl, Alfhild Nordgarden, Halvor Rusmo, Gunhild Svalastog (mor) med dotter Tone (meg) på fanget og Gunla (eldste syster mi) ved sida. Asgjerd Dokki, kjær nabo, ved inngangen til Bruskjellaren.



22 b Adieu gjester farvel

Andre hendingar med fylgjer for drifta

i 1954 vart *Sjukestoga/Bygdeheimen* bygd. Ulike tomteval vart vurdert og drøfta. Sister Tone Kårehommen og doktor Thies la vekt på at det var ei solrik tomt, og sol heile året, sa tante Tone Bratland på Hylland, som var aktiv i Helselaget då, og ein av dei som ivra for å få denne stoga til.

Tomtevalet fall på Låa, der sommarfjoset stod. Solrik og passe langt frå vegen, omlag midt i gamle Vinje kommune. Sommarfjoset måtte flyttast lengre opp i beitet, men ulempa ved det, vóg langt mindre enn vinninga ved at Sjukestoga vart bygd der på staden.

Helselaget hadde nokre midlar, men ikkje nok, og søkte Vinje Heradstyret om støtte. Søknaden vart avvist. Fleirtalet grunn gav det med at i Vinje skulle folk bu i heimen livet ut. Laget søkte Rismyrlegatet om støtte /lån, fekk det, og arbeidet sett i gang. Åsmund Haugarne stod for bygginga.

Bygdeheimen var triveleg granne å ha ! Både dei som budde der, og dei som arbeidde der.

Steinknuseri på Gunnulfstveit

Aktivitet ja, men eit forferdeleg bråk dagen lang! Ei stor lette når Halvor Ullsvik stengde av steinknusaren for kvelden! Bråket uroa turistane som ville nyte ro og stilla, og fiskarane mista konsentrasjonen, og kanskje fisken... Arbeidet der vart meir og meir synleg, eit "sår" som åt seg utover i lia, og då steinknusinga til slutt stansa, snudde vegvesenet berre ryggen til, ingenting vart gjort for å bøte skadane. Enno synleg, med jarnskrot som monument over ei tid, men no mest grodd til.



23 Gunhild og Olav Dokki på «Rusjøddi» (Rudsfjelli?), høying med biltraktor

Ein periode hadde far ein biltraktor liknande denne til Gunhild og Olav Dokki , men draumen om ein skikkeleg traktor vart til slutt verkeleg i 1958, ein blå Fordson Dexta, kr 16200 fix kontant levert på Bø stasjon, lydte kontrakta. Traktoren går framleis på jorda på Svalastog.



24 Fordson Dexta 1958 far slår nysåning av kløver og timotei, på Låa

Kombinasjonen sommarturisme og gardsdrift var krevjande, det vart lite fritid, og då ingen av oss barna, var klar til å overta kombinasjonsdrifta, og mor og far var mest interessert jord og dyr, bestemte dei seg for å selje Grungebru Turistheim.

I 1968 sette dei, Gunhild, 56 år og Nils, 59 år, opp nytt gardstun på Låa, våningshus, driftsbygning, sag og garasje på staden som før hadde vori kulturbeite.

Sal av Grungebru Turistheim til Norske Ungdomsherberge, Sørlandet krets

I 1971 skøyta dei frå ei eiga tomt med våningshus, hage, leikeplass og Rulla, og selde til Norsk Ungdomsherberger, seinare Norsk Vandreheimar.

Medverkande til dette valet var at driftsbygningen var gamal, trong og tungvind samstundes som buskap, dyrka mark og fór hadde auka, og sett i et lengre perspektiv, betydde arbeid med jord, husdyrhald, utmark og hei meir for mor og far enn turistdrifta, og valde turistane vekk.

Nils og Gunhild fekk fem barn; Sondre, (1940-2012), Gunla (1942), Tone, (1946), Tore-Olav (1950), Astrid (1953-2014).

Samastad på 60-talet

Mor og far hadde både geit og kyr, slik mange andre små bruk også hadde. Nils ivra for å få istand ei felles sæter for geit. Saman med andre geitehaldarar, velviljuge grunneigarar, og med framifrå god fagleg rådgjeving og støtte av heradsagronom Røe, og godt samarbeid mellom fleire småbrukarar og grunneigarar vart Samastad fellessæter bygd, den fyrste av denne typen i dette området!, Eit lite kraftverk vart sett opp i fossen like ved, av ein ingeniør far kjende. Fyrste åra gav det straum til mjølkemaskina. Mjølka vart sendt til Haukeli Ysteri, men måtte i mange år køyrast ned til hovudvegen av drivarane/eigarane. far ha ansvar for det.

Haukeli Ysteri stifta i 1938

Far var samfunnsengasjert, var aktiv i grenda, hadde fleire styreverv, og var aktiv politiker. Haukeli Ysteri og Samastad fellessæter var to saker han brann for og var pådrivar for. I kommunestyret representerte han fyrst venstre, seinare Krf, var med i Vinje formannskap, Vinje byggenemnd, og andre råd og utval i fleire periodar. Det tok tid, men gav kunnskap og nettverk han ha føremun av også privat i arbeidet heime.

på 60-talet, Lek skjønsmann ved kraftutbyggingane Sira –Kvia, Sundsbarm .

Interessant!

Sist på 50-talet, då dei store kraftutbyggingane tok til, vart han oppnemnd som lek skjønsmann til skjønna for fleire av desse kraftutbyggingane, som Sira-Kvina i Agder og Sundsbarm i Seljord.

Både vandringane i heiane, og dei påfylgjande drøftingane interesserte han mykje. Både samværet med lek og lærd, sakene dei drøfta, vandringane på fjell og vidde, akkederingane der og då undervegs, og møta i vekesvis i Oslo, alt dette var han kjærkome, gav han vekst, og tankesprang.

Nils og Gunhild dreiv garden til fram mot 80-talet. Om sommaren var både geiter og kyr på Samastad. Olav Midtun frå Grungedal, røktar på Samastad i mange år, var røktar for dei fleire vintrar også, og budde då hjå dei.

Draum og liv

Mor og far , Nils og Gunhild kom ikkje til Kina, men bae var aktive medlemmer i Kinamisjonen, seinare Norsk Luthersk Misjonssamband, livet ut. I fleire år arbeidde far Nils deltid som emissær, og var aktiv i Grungedal Misjonslag. Laget hadde eige bedehus i Grungedal. Gunhild dreiv Mogane barnelag ilag med andre flinke grannekoner.

Verda kom slik til dei gjennom turistar og andre langreiste gjester, misjonærar og andre langvegsfarande. Nils sin engelsk vart til stor nytte.

I 1982 overtok sonen Tore Olav ,og kona Vigdis Allum (1952) egedomen Brusparen. Tore Olav var politi og Vigdis førskolelærer. Nokre år kombinerte dei arbeid ute med gardsdrift, men slutta så med kreatur, slo berre graset, hogg litt tømmer og veda.

I 1975 lyste Grungebru Vandreheim etter nye drivarar.

Tone Svalastog Garnes (1946), dotter av Nils og Gunhild, og mannen Oscar Johan Garnes (1948) og veneparet Harald Schøien (f. 1945) og Kristin Sollie Schøien (f. 1955) gjorde avtale med Norske Vandreheimar om vidare sommardrift, mot at dei fekk nytte staden til å drive leirskole for konfirmantar i vinterhalvåret.

Me starta og barnehage, den fyrste i Vinje kommune. Barn like frå Vågsli til Bøgrend kom. Musikk, song og forming var hovudinnhald. Då Mogane grendehus stod ferdig, vart Barnehagen flutt dit, og heldt til der fram til slutten av 1980-talet. Då vart han flutt til Edland.

På konfirmantleir kom prestar med ungdom dels frå grannekommunar til Vinje, dels lenger frå, som Karmøy, Rjukan, Bærum. Drifta heldt fram til 1978. Etterspørselen var stor, men skulle tilbodet utviklast vidare, måtte det nye bygningar til. Svar på søknadar om støtte til å realisere dette, var ikkje som håpa. Konfirmantleirtilbodet vart avvikla og staden driven vidare som Vandreheim.

I 1977 kjøpte me, Tone og Oscar Grungebru. Dreiv staden som Vandreheim fram til 1997.

Snipp, snapp snut, eventyret er endå ikkje ute-

Barna, Knut Rosenkar (1977), Lena(1979) og Nils Johan (1981) var sommarhjelp så lenge dei budde heime. Vandreheim er ei ideelt basert drift, billig, alkoholfritt og familievenleg overnattingstilbod, men på ein så liten stad som Grungebru, med 40 senger, måtte det heile kombinerast med andre jobbar. Tone som flyktningkonsulent/kulturkonsulent i Vinje kommune, Oscar, nokre år som kyrkjevevjerje Vinje kommune, seinare informasjonssjef i Kirkens arbeids og interesseorganisasjon KA, Oslo.

Krav frå ulike hald til utbetringar, sikring av vatn, brann, var dei same som for større stader, og uråd å imøtekoma med lita drift og kort sesong. Avtala med Norske vandreheimar vart avvikla i 1997. Frå då av har Grungebru vori privat bustad.

Tone Svalastog Garnes, Grungebru, - byrja på dette skrivet 21.05.14.

revidert og tilpassa som innlegg på medlemsmøte Sullamrei historielag 20.02.18